Til: Frivillige lag og organisasjonar i Finnøy

Finnøy 25. januar 2016

KURS I STYREARBEID

I desse tider blir det arrangert årsmøter rundt ikring i ulike lag og organisasjonar i Finnøy. Nye styrer vil kome på plass i løpet av dei neste månadene.

Ryfylke Næringshage gjennomfører prosjektet «Livleg Engasjement» Prosjektet har som mål å lage verktøy og metodikk for grendalag og andre frivillige lag og organisasjonar. Målet er å samle metodikk og verktøy i ei handbok som skal vere ferdig i løpet av april 2016. Handboka skal kunne nyttast av grendalag, lag og organisasjonar i Rogaland og Noreg. Dette vil bli den første handboka som blir laga i Noreg.

Eit av våre verktøy er **«styrearbeid».** Ryfylke Næringshage (RN) ønskjer no saman med Frivilligsentralen i Finnøy (FS) å arrangere styrekurs for frivillige lag og organisasjonar i løpet av mars månad kvart år. Vi kjem tilbake med konkret påmelding, men det kan vere greitt for dykk å vite, no når dykk går i gang med årsmøta, at det blir satt opp styrekurs for nye styrer **torsdag 10. mars kl. 18.00-21.00 i Biblioteket på Finnøy.**

Dagleg leiar i Ryfylke Næringshage, Heidi Skifjell vil vere kurshaldar.

Dykk finn meir informasjon om vertøya som er utarbeida på
http://synligogstolt.no/hjem/livleg-engasjement.html

Er det nokon som allereie no vil melde seg på, skriv ein melding til: fnhage@finnoy.com

Vi kjem allikevel tilbake med både eit konkret program og påmelding i slutten av februar.

Heidi Skifjell (Ryfylke NH)

Ragnhild Vatland (FS)